



SAKSFRAMLEGG

| | |
|--|----------------------------|
| Sakshandsamar: Våge, Hilde-Lill | Arkivkode: FA - Q10 |
| Arkivsaksnr: 17/866 | Løpenr: 17/8251 |
| Sakstype: Politisk sak | |

SAKSGANG

| Styre, utval, komité m.m. | Møtedato | Saksnr |
|---------------------------|------------|----------|
| Kommunestyret | 20.09.2017 | 034/2017 |
| Kommunestyret | 16.11.2017 | 044/2017 |

Finansiering - VVA øvre Rolvsvåg industriområde

Rådmannen sitt framlegg til vedtak, 16.10.2017:

Fullfinansiering av vegtil øvre industriområde i Rolvsvåg:

Det er tidlegare vedtatt å bruke kr 1 150 000 av ubunde investeringsfond i budsjett 2017. Det er i løpet av året brukt ca kr 200 000. Rest finansiering av fond er kr 950 000. I tillegg skal det takast opp eit lån på 4 millionar. Lånet skal takast opp i 2017 over 40 år.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak, 20.09.2017:

Samnanger kommune sin økonomiske situasjon gjer til at kommunen ikkje ønskjer å gjennomføra og finansiera totalentreprise for veg, vatn og avløp i øvre Rolvsvåg industriområde.

Kommunen bør snarast kome fram til anna rimelegare tilfredstillande løysing for å få veg og VA til næringsområda N7, N5 og N6.

20.09.2017 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Assisterande rådmann Hilde-Lill Våge orienterte om anbodet som har vore i Doffin - den nasjonale kunngjeringsdatabasen for offentlege anskaffelser. Kommunen har motteke ein god del anbud på arbeidet.

I etterkant har det vist seg at kommunen truleg ikkje treng ein veg som er dimensjonert som i anbudsrunnen. Ein veg av mindre dimensjon vil verta billigare å få på plass.

Vidar Tveiterås (A) bad om eit gruppemøte, og dei ulike gruppene gjekk kvar for seg for å diskutera saka.

Etter gruppemøte sette VidarTveiterås (A) fram følgjande framlegg til vedtak:

"Samnanger kommune sin økonomiske situasjon gjer til at kommunen ikkje ønskjer å gjennomføra og finansiera totalentreprise for veg, vatn og avløp i øvre Rolvsvåg industriområde i så stort omfang som planlagt.

Kommunen bør kome fram til anna rimelegare tilfredstillande løysing for å få veg og VA til næringsomda N7, N5 og N6 - eventuelt prioritere mellom desse.

Administrasjonen går i forhandling med lågaste tilbydar for å redusere omfang og mengder slik at den viktigaste delen av prosjektet kan gjennomførast med dei midlar som er til rådvelde."

Kommunerepresentantane diskuterte saka før dei røysta over rådmannen sitt framlegg og framlegget frå Vidar Tveiterås (A).

Framlegget frå Vidar Tveiterås (A) vart samrøystes vedteke.

KS- 034/2017 Vedtak:

Samnanger kommune sin økonomiske situasjon gjer til at kommunen ikkje ønskjer å gjennomføra og finansiera totalentreprise for veg, vatn og avløp i øvre Rolvsvåg industriområde i så stort omfang som planlagt.

Kommunen bør kome fram til anna rimelegare tilfredstillande løysing for å få veg og VA til næringsomda N7, N5 og N6 - eventuelt prioritere mellom desse.

Administrasjonen går i forhandling med lågaste tilbydar for å redusere omfang og mengder slik at den viktigaste delen av prosjektet kan gjennomførast med dei midlar som er til rådvelde."

16.11.2017 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Kommunestyrerepresentantane diskuterte saka.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak (merka 16.11.2017) vart samrøystes vedteke.

KS- 044/2017 Vedtak:

Fullfinansiering av veg til øvre industriområde i Rolvsvåg:

Det er tidlegare vedtatt å bruke kr 1 150 000 av ubunde investeringsfond i budsjett 2017.

Det er i løpet av året brukt ca kr 200 000. Rest finansiering av fond er kr 950 000. I tillegg skal det takast opp eit lån på 4 millionar. Lånet skal takast opp i 2017 over 40 år.

Dokument som ikkje er vedlagt:


Innkomne anbod.

Kva saka gjeld: Finansiering av veg til øvre Rolvsvåg industriområde.

Samnanger kommune har gjennom ei lengre tidsperiode arbeidd med å prosjektere veg til øvre industriområde i Rolvsvåg. Grunnlagsmaterialet for prosjekteringa er i stor grad basert på føringar sett i reguleringsplanen. Teknisk har først no i vår hatt kapasitet til å legge arbeidet ut i Doffin. Det er kome inn 7 anbod og desse ligg på ein kostnad på mellom 7-14 millionar for veg, vatn og avløp opptil øvre industriområdet. Det er ikkje vedteken finansiering for tiltaket og i budsjettet 2017 er det avsett 2 millionar, finansiert med sal av tomtene i næringsområda N5 og N7.

Bakgrunn

Reguleringsplanen vart utarbeid og vedteken den 17.03.14 og gjeld for øvre del av Rolvsvåg industriområde. Samnanger kommune har gjennom reguleringskartet og i reguleringsføresegene vedteke at vegen i industriområdet skal vera offentleg og det skal verte bygt veg fram til områda i tråd med rekkjefølgjekrav. Veg som no skal finansierast er merka med gult. Nedanfor følgjer utdrag av kart for vegen det gjeld og utdrag av føresegnene pkt 5.1 og pkt 2.5.



5.1 Køyreveg

- *Alle regulerte vegar skal vere offentleg eigd. Viste avkjørselspilar på plankartet er retningsgivande, plassering av avkøyrsler kan fråvikast dersom det kan visast ei anna tilfredstillande løysing.*
- *Køyrevegane skal opparbeidast som vist på plankartet. Mindre tilpassingar er tillette.*
- *Der vegen går over Sandneselva skal det byggjast bru som har brufeste minimum 10 m frå senterlina i elva på kvar side, og der underkant av brua ligg minimum 1 m høgare enn naturleg elvekant. Dette for å sikre mot flaum. Unntak kan gjerast for plassering av brufeste dersom det kan leggjast fram dokumentasjon på at løysinga sikrar mot flaum. Brua skal ha sikringsgjerde mot Sandneselva på kvar side.*
- *Der vegen går over sideelva til Sandneselva skal det sikrast gjennomstrømming av vatn.*

Dette kan løysast enten som bru eller kulvert.

I punkt 2.5 gjeld Offentlege og private samferdsleanlegg og offentleg grønnstruktur

Før det kan gjevast bruksløyve eller midlertidig bruksløyve til nye byggjetiltak skal følgjande tiltak vera gjennomført:

- *Veg fram til angjeldande tomt/ byggeområde*
- *Angjeldande tomt/ byggeområde skal vere planert ut, som skildra i punkt 3.2.*
- *Evt fyllingskant mot Sandelva må vere erosjonssikra*

Fakta

Det er selt to næringsområde i det øvre industriområdet.

Anleggsgruppen, no ved namnet Rolvsvåg invest, kjøpte i november 2015 næringstomta merka N5 i øvre Rolvsvåg. Området utgjer 31 866 m², og vart selt til 68 kr/m². Totale kjøpesum utgjorde kr 2.166.888.

Det går fram av kjøpekontrakten at dei har vegrett, men det føreligg ikkje særskilt avtale om at kommunen skal bygge veg. Selskapet har opparbeidd eigen midlartidleg veg til tomten i påvente av kommunal veg.

Foko AS v/Kjell Odland kjøpte næringstomta merka N7 i øvre Rolvsvåg i februar 2016. Området utgjer 8 058 m², og vart selt til 85 kr/m². Totale kjøpesum utgjorde kr 684 930. I formannskapssak 12/16 vart prisen vedteken og det vart sett eit tilretteleggingskrav av tomta, på innan 2 år etter overdraging.

Det går heller ikkje her fram av kjøpekontrakten særskilt avtale om å framføre veg til området.

I saksutgreiinga går det likevel fram at *«kommunen har ein godkjend reguleringsplan for det resterande arealet i industriområdet i Rolvsvåg. I fylgje planen skal det etablerast offentleg VVA i området. Kommunen må få dette utført i løpet av dette året for delar av området då det er seld ei anna tomt i der det skal etablerast ny næringsverksemd som treng tilkomst m.m i løpet av hausten 2016.»*

Vurderingar og konsekvensar:

Anboda som er komen inn er i tråd med reguleringsplanen og prosjektering. Tiltaket utgjer ca 330 meter lang asfaltert veg på ca 11 meter bredde, ca 10 veglys, vatn og avløp, samt noko oppretting av gamal veg. Det er ikkje lagt inn fortau. Tiltaket utløyser veg, vatn og avløp til dei to solgte områda og opnar opp til eit nytt - N6, som utgjer ca 4,3 dekar. For å utløyse fleire næringsstomter må byggast ytterleg meir veg for å nå bort til næringsområda N8, N9 og N10. Det er låg etterspørsel etter næringsstomter i Rolvsvåg, og ein kan dermed ikkje rekne med å kunne auke opp tomtekostanden noko vesentleg på N6.

Det lågaste anbudet er ein totalentreprise på 7 millionar og høgaste på ca 14 millionar (eks mva).

For å finansiere tiltaket må kommunen ta opp eit lån for 5 millionar. Kommunen kan ikkje rekne med å få dekkja inn noko særskilt av dette gjennom framtidig tomtsal. Ut frå kommunen sin økonomiske situasjon bør tiltaket verte vurdert opp mot andre nødvendige investeringstiltak. Det er nødvendig å få fram veg i øvre Rolvsvåg men me ser ikkje å kunne tilrå å gå vidare med å tiltaket slik det er prosjektert no og til den kostnaden.

Me ønskjer derfor å stoppe anbodskonkurransen, og beklage dette ovanfor tilbyderane. Det

vert ei for høg kostand for kommunen å dekke dette vegprosjektet inn over eige budsjett. Det bør i staden verte vurdert andre tilfredstillande løysingar for å få veg og VA til dei solgte næringsområda (N7 og N5) og N6. Me tilrår og starte ein prosess om å inngå avtale med Rolvsvåg invest og Foko om alternativ for vegløyning.